

Pusekatt`n sete på takje

Barnevers etter Anna O. Midtveit (1877 - 1973) frå Telavåg i Sund.



Pu-se-katt`n se-te på ta-kje, snak-ka med døtter-na si-na. "Kor ska`me hen te
6
vin-te-ren? Mefrys på vå-re små fø-ter". Rei-ser vi til Da-ne-mark, kjø-pe`sko for halv
12
an-en mark". Tri-na, tri-na, pe-per-kor`n, pu-se-katt`n bles i
16
syl-ver-hor`n. Fi-re mu-ser opp i ein dans.

Pusekatt`n sete på takje,
snakka med døtterna sina.
«Kor ska`me hen te` vinteren?
Me frys på våre små føter».
«Reiser vi til Danemark,
kjøpe`sko for halvannen mark».
Trina, trina peperkorn,
pusekatt`n bles i sylverhorn.
Fire muser opp i ein dans.

Pusekatt`n = pusekatten.

Takje = taket.

Døtterna = døtrene.

Sina = sine.

Mark = gamal mynteining, brukt i Noreg i mellomalderen og fram til ca. midten av 1700-talet.

Peperkorn = pepperkorn.

Sylverhorn = horn (instrument).

Muser = mus i fleirtal - gamal form.

Anna O. Midtveit (1877-1973)

var fødd på Telle i Sund 30.08.1877. Foreldra hennar var Bothilde Monsdatter (f.1828) og Ole Mikkelsen Telle (f.1833). Anna gifta seg i 1900 med Kristen Martin Monsen Midtveit (1878-1972). Han var gardbrukar, fiskar og skomakar. Dei fekk fleire born. Anna song inn fleire barnesongar til Arne Bjørndal på 1950-talet. Ho var då kårkone i Telavågen i Sund.

«**Pusekatt`n set oppå takje**» er eit barnevers som er kjent over heile landet og som eigentleg er eit vers frå ei gamal mellomalderballade som heiter «Katten ligg sjuk». Mange stadar er verset kjent som «Brombasken i bomma/bromba». Eit anna vers frå same balladen som lever vidare som eit barnevers, er «Katten låg i ovnsbenken». Det kjenne me også frå Bergenstraktene.

Mellomalderballadane er nokre av dei eldste songane me kjenner. Dei har som namnet seier, røter attende til mellomalderen, frå ca.1300-talet og fram til reformasjonen i 1536. Namnet «ballade» kjem frå det latinske ordet «ballare» som tyder «å danse», og ein trur desse songane har vorte brukt til å danse etter. Mange av songane har truleg kome til Noreg frå andre europeiske land, og vart omsett ved det kongelege hoffet. Såleis finn ein mange variantar av desse songane over store deler av Europa. Andre songar har truleg vorte laga her til lands. Mange av balladane vart samla og gitt ut av danske Anders Sørensen Vedel i «Hundreviseboka» i 1591. Den var basert på songar i munnleg tradisjon og handskrivne dokument. I 1695 gav Peder Syv, også dansk, ut boka på nytt og han la då også til hundre nye viser. Denne boka har vorte kalla «Tohundreviseboka» eller «Kjempeviseboka», og den vart svært populær også i Noreg. I mange hundre år var denne boka ei av få bøker som fanst i norske heimar, ved sida av salmebok og bibel. Ofte var det mange vers til balladane, og dei hadde gjerne eit refreng (omkvede) som vart gjenteke for kvart vers. Me deler mellomalderballadane inn etter kva tema dei handlar om. Me har mellom anna naturmytiske balladar om overnaturlige skapningar som nøkken, kjempe- og trollballadar som handlar om kamp mellom menneske og troll/kjempar, legendeviser og historiske viser, samt skjemteballadar. Songen om pusekatten er som nemnd ei slik skjemteballade. Desse songane er kjenneteikna av å vera spøkefulle og humoristiske. Dei kan handla om dyr, men også om menneske.